

Maria Viken
Østre Strandgate 28
4610 Kristiansand

Bakgrunn for søknad om frådelling fra egedomen 108/5

Maria Viken er fødd og oppvaksen på garden Munkeberget (108/5) og ho og mannen Oddmund kjøpte fritidsegedomen 108/305 frå Camilla Andersen i 1984. På denne tida eigde bror til Maria, Anton Lothe, gardsbruket 108/5. Maria vart medeigar av garden i lag med brørne sine når Anton døydde i 1997, og vart eineigar når den sist gjenlevande broren døydde i 2007. Son til Maria, Arve Viken, og kona hans kjøpte fritidsegedomen 108/305 i 2009. Det har nettopp blitt gjort en grensejustering mellom egedomane. Kartskissa som ligg ved nyttar den nye grensa.

Maria Viken er komen fram til at nytteverdien av å eige garden ikkje lenger står i forhold til ansvar og kostnad med vedlikehald, særleg av bygningsmassen. Ho er no 82 år gamal og busett i Kristiansand, noko som gjer vedlikehald enno vanskelegare.

Der har ikkje vore husdyrhald på garden sidan tidleg på 80-talet og driftsbygningen er ikkje egna til moderne gardsdrift.

Dei fyrste åra etter at husdyrhaldet vart lagt ned vart deler av innmarka slått av ein annan bonde på Lindås, dei seinare åra har deler av egedomen vorte brukt som beite deler av sumaren. Ingen av desse bøndene har vore frå naboeigedomar.

På dette grunnlaget vert det søkt om frådelling av tunet med direkte tilknytta areal bak bustadhuset. Dette for at Maria Viken kan sleppe ansvaret for vedlikehald mm for bygningane. Frådelling vil ikkje omfatte noko areal som er rekna som dyrka mark, slik at innmarka kan nyttas som beite vidare.

Arealet rett bak bustadhuset er merka som skog med høg bonitet, dette synes ikkje å vere i pakt med dei faktiske forhold. Der er berre to grantre og nokre små lauvtre. Dette arealet høyrer naturleg til tunet og er difor teke med i arealet som vi vil frådele.

Vidare er det meste av innmarka og heile tunet avsett til bustadføremål i arealdelen av gjeldande kommuneplan. Frådelling kjem soleis ikkje i strid med gjeldande planverk.

Kristiansand 19/2 - 2014

.....
Maria Viken
Maria Viken